

Informasjon til elevar om korleis frávær vert registrert i Visma

Frávær opp til 10%:

Ved frávær som kjem av sjukdom eller andre helseforhold, kan eleven leggje fram eigenmelding i opptil ti prosent av eit fag.

Frávær vert registrert som M dersom eleven melder frå og som X dersom eleven ikkje melder frå om fráværet.

Det skal ikkje registrerast Dokumentert frávær på helsefrávær før eleven er over 10% sjølv om dei leverer dokumentasjon.

Frávær over 10% i eit fag:

Dersom helserelatert og eventuelt udokumentert frávær i eit fag til saman har nådd ti prosent, må eleven leggje fram dokumentasjon frå helsepersonell ved meir helserelatert frávær. Fráværet vert registrert med D.

Frávær som skal vere dokumentert:

Registrert med D – sjølv om eleven er under 10%:

- velferdsforhold
- andre religiøse høgtidsdagar enn dei offentlege heilagdagane (avgrensa til to dagar)
- lovpålagt oppmøte
- arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid
- tryggleikskurs på bane, andre og tredje del av tryggleikskurs på veg og førarprøve for klasse B
- representasjon på arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå

Presisering av ny tolking av føring av frávær, vedteke 19. nov 2025

Vedtaket vart gjort 19. november 2025 og skal ha tilbakeverkande kraft frå skulestart 2025.

1. Elevar med auka risiko for helsefrávær – kroniske helseproblem - kan dokumentere slikt frávær frå første time/dag slik at det ikkje tel med på fráværsgrensa. Eleven må vise fram dokumentasjon på slik sjukdom (NB: ein skal ikkje leggje til grunn dokumentasjon på frávær der eleven har vore borte med vanleg forventa sjukdom som sesonginfluensa her.)
2. Innkalling til planlagd behandling, eller undersøkingar i helsevesenet (avtalte timar og konsultasjonar hos lege/tannlege/psykolog/BUP/fysioterapeut /sjukehus og liknande) skal førast som D frávær og ikkje telje med på fagfrávær. Kontaktlærar handsamar desse fortløpande som før.

Korleis skal elevar med auka risiko for helserelatert frávær vise fram dokumentasjon slik at fráværet kan dokumenterast med kode D frå første time/dag:

- Eleven har dialog med kontaktlærer
- Eleven leverer dokumentasjon til kontaktlærer
- Dokumentasjonen vil vere grunnlag for godkjenning av elev sitt helserelevante fråvær (også framtidig fråvær)

Fråvær som ikkje vert omfatta av fråværs grensa

Registrert med R:

- rådgjeving på skulen
- helsesjukepleiar
- utgreiing som vert gjennomført av PP-tjeneste og Statped
- organisert studiearbeid som er avtalt med faglærer i forkant
- elevrådsarbeid, skuleadministrativt arbeid og deltaking på elevting i regi av Elevorganisasjonen o.l. og som er godkjend av skulen
- avtalt samtale med rektor eller andre tilsatte
- intervju til læreplan
- særskild, ny og utsett eksamen